

MARIA PARR si Tonje Glimmerdal er kåra til den beste norske barneboka frå 2000-talet. **S. 12**

FELLES LESING av nynorske ungdomsbøker kan gje elevane eit godt språkleg grunnlag. **S. 4**

OMSETJINGSPROGRAM som Apertium kan ikkje erstatte god sidemålsopplæring. **S. 8**

NYNORSKOPPLÆRING

NR. 36 | VÅREN 2021 | EIT BLAD OM NYNORSK FRÅ BARNEHAGE TIL VIDAREGÅANDE SKULE



Språklovnaden

TEKST: **Torgeir Parr Dimmen**, leiar for Nynorsksenteret

DEN NYE SPRÅKLOVA er nett vedteken i Stortinget. Dette er eit storhende som er vel verdt ein kommentar frå oss som er opptekne av nynorsk generelt og nynorskopplæring spesielt.

Det offentlege ordskiftet om nye lover blir lett prega av punkt og paragrafar det er usemje om, og som dei interesserte helst ville hatt litt annleis. Slik også her. Nynorskmiiljøa etterlyser mellom anna sanksjonsmynde for Språkrådet i tilsyns- og kontrolloppdraga deira og ikkje minst betre regulering av den daglege bruken av nynorsk i staten og fylkeskommunane.

Dette er viktige innspel som også Nynorsksenteret stiller seg bak. Men det må ikkje ta merksemda bort frå det som er bra i den nye lova.

Det aller viktigaste er at vi no for første gong får eit lovfesta vern for språkmangfaldet i Noreg. Lova regulerer bruken av dei to norske skrift-

språka på mange område, og ho sikrar vern og status for dei samiske språka, kvensk, romani, romanes og norsk teiknspråk.

§ 1 byrjar slik: «Føremålet med lova er å styrkje norsk språk, slik at det blir sikra som eit samfunnsberande språk som skal kunne nyttast på alle samfunnsområde og i alle delar av samfunnslivet i Noreg. Lova skal fremje likestilling mellom bokmål og nynorsk og sikre vern og status for dei språka som staten har ansvar for.»

Vidare står det at lova skal «sikre at offentlege organ tek ansvar for å bruke, utvikle og styrkje bokmål og nynorsk», noko som «omfattar eit særleg ansvar for å fremje nynorsk som det minst bruka norske skriftspråket».

I høyringsnotatet til framlegget til ny språklov (frå august 2019) er føresetnaden for å kunne gjennomføre denne språkpolitikken omtala slik:

«Opplæringslova sikrar den tilgangen statsorgana har på nødvendig grunnkompetanse i norsk språk, både nynorsk og bokmål. Som verkemiddel i norsk språkpolitikk stør derfor mållova [frå 2021: språklova] og opplæringslova gjensidig opp om kvarandre.»

Med andre ord: Nynorsken sin *formelle* posisjon som likestilt med bokmål står stødigare enn nokon gong. Det er vel og bra, men ikkje nok. Arbeidet med å styrke *reell* status og bruk må halde fram på alle arenaer.

Nynorsksenteret sitt bidrag er innretta mot nynorskopplæringa i barnehagen, skulen og lærarutdanningane. Vi lovar å gjere vårt for å hjelpe Stortinget til å halde den ambisiøse språklovnaden i føremålsparagrafen.

NYNORSKOPPLÆRING nr. 36, 15. årgangen

BLADSTYRAR: Ingvild Myklebust Hovden

FORMGJEVING: Arild Torvund Olsen

SPRÅKVASK: Aud Søyland og Arild Torvund Olsen

SKRIFTER: Comic strip (Phil Elliott), Auto og Dolly

PRENTEVERK: Tinde design & trykk AS

FRAMSIDE: Ida Eva Neverdahl

ISSN: 1890-3975

ISSN FOR NETTUTGÅVA: 1891-1633

NYNORSKOPPLÆRING vert gjeve ut av Nynorsksenteret.

Send eit e-brev til ror@hivolda.no for å få bladet gratis i posten.

Hugs å sende med namnet og adressa di!

Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa

Høgskulen i Volda, Postboks 500, 6101 Volda

nynorsksenteret.no

Saman er ein læringsressurs utvikla av fagmiljøa på mange av dei nasjonale sentera, under leiing av Nasjonalt senter for mat, helse og fysisk aktivitet.

Tverrfagleg hefte om mat



Du kan tinge heftet på sida mhfa.no/sammen

NYNORSKSENTERET HAR MELLOM anna stått for omsetjing og tilrettelegging av nynorskutgåver av heftet og lærarrettleiinga, i tillegg til å bidra med nynorske matvers som du finn både i nynorsk- og bokmålsutgåva.

Heftet byggjer på LK20 og dei tverrfaglege temaa folkehelse og livsmeistring, demokrati og medborgarskap og berekraftig utvikling. Maten og matfellesskapen er eit supert utgangspunkt for å utforske desse temaa.

– Heftet er i utgangspunktet laga for 3.–4. trinn, men kan gjerne brukast av eldre elevar også, seier Anne Marta Vinsrygg Vadstein, som er ei av dei ved Nynorsksenteret som har vore involvert i arbeidet med denne ressursen.

Heftet er sendt ut til mange skular, men om du ikkje har fått det, kan du tinge det nynorske elevheftet og lærarrettleiinga på sida til Nasjonalt senter for mat, helse og fysisk aktivitet: mhfa.no/sammen ■

Innhald

Språkløvnaden av Torgeir Dimmen	S. 2
Tverrfagleg hefte om mat	S. 3
Klassesett av romanar, takk! av Jorid Saure	S. 4
Språklæring gjennom song av Anne Marta Vinsrygg Vadstein	S. 6
– Kan ikkje erstatte språkkjensle av Ingvild Myklebust Hovden	S. 8
Meir nynorsk i Den kulturelle skulesekken av Trine Ruud Grønningen og Guro Kristin Gjøsdaal	S. 10
Tonje Glimmerdal til topps av Ingvild Myklebust Hovden	S. 12
Boktips frå Nynorsk bok.no	S. 14
Språktips av Aud Søyland	S. 15
Nynorsk på 1-2-3 av Arild Torvund Olsen og Kristoffer S. Mathisen	S. 16

Korleis kan det å arbeide med nynorske ungdomsromanar fremje fleire sider ved den norskfaglege kompetansen til elevane?

Klassesett av romanar, takk!

TEKST: **Jorid Saure** FOTO: **Jorid Saure**

OVER HALVPARTEN AV ungdommane les ikkje skjønnlitteratur i fritida. Dei møter ei verd av historier gjennom strøymetenester og sosiale medium, men få les skjønnlitteratur på eige initiativ. Samstundes veit vi at det å lese skjønnlitteratur gjev mange fordelar: Det kan gjere oss meir empatiske, og det kan gje oss ei betre forståing av kven vi er, og kvifor vi tenkjer og handlar som vi gjer (Oatley 2016). Dei kognitive føremonene ved lesing kjem derimot ikkje automatisk, dei føreset at lesaren engasjerer seg i teksten og reflekterer kring det han har lese. Her spelar ungdomslitteraturen ei viktig rolle. Mange ungdomar les ungdomstekstar grundigare og med større engasjement enn romanutdrag frå vaksenlitteraturen, mellom anna fordi dei kan relatere tekstane til egne liv og erfaringar (Martin-Chang o.fl., 2020).

Skjønnlitteratur og det nye læreplanverket

Å lese skjønnlitteratur står sentralt i LK20, noko som både dei tverrfaglege temaa og kompetansemåla for norskfaget viser. Elevane skal lese ein stor variasjon av tekstar og sjangrar og reflektere over føremål, innhald, sjangertrekk og verkemiddel.

Å lese skjønnlitteratur skal gje rom for oppleving, undring og identitetsutvikling, og det skal bidra til at elevane utvidar forståinga si for verda og synspunkta og perspektiva til andre menneske.



Ein studie av norskundervisinga i 47 åttande-klasser i Noreg viste at dei skjønnlitterære tekstane som elevane får presentert, ofte er romanutdrag, og at læreboka er styrande for utvalet av tekstar (Blikstad-Balas og Roe, 2020). I dag presiserer læreplanverket at elevane skal lese lengre tekstar. Å ha tilgang til klassesett av romanar bør difor vere ei viktig målsetting for skulane.

Mengdetrening i å lese og skrive nynorsk

På Fjell ungdomsskule på Sotra har vi kjøpt inn klassesett av tre romanar som er tilpassa dei ulike trinn. Elevane les boka *Hest, hest, tiger, tiger* av Mette Eike Neerlin på 8. trinn, *Arrfjes* av Terje Torkildsen på 9. trinn, og *Bli hvis du kan, reis hvis du må* av Helga Flatland på 10. trinn. Til kvar av romanane har vi utvikla egne læringsopplegg som gjev elevane høve til å reflektere munnleg og skriftleg over bøkene dei les. Føremålet med romanprosjektet er at elevane gradvis skal utvikle ein meir samansett litterær kompetanse, samstundes som dei får øving i å lese og skrive nynorsk. To av læringsopplegga vert snart publiserte på Nynorsksenteret sine sider.

Når elevane les nynorske romanar, får dei mange møte med det nynorske språket. I arbeidet med romanane vert nynorsken både eit undervisningsspråk og eit bruksspråk, noko som gjev elevane ei nødvendig erfaring med å lese og skrive språket over tid. Gjennom å arbeide med romanar på nynorsk ligg det difor ei dobbel vinning: Felles lesing av lengre tekstar legg til rette for utviklinga av ein samansett norskfagleg kompetanse som både handlar om å lese, tolke og forstå litteratur og å utvikle språklege ferdigheiter. Norskfaget sitt store oppdrag krev nemleg at vi set språklege og litterære kompetansar i samanheng. ■

Litteratur

Blikstad-Balas, Marte og Astrid Roe. (2020.) *Hva foregår i norskundervisningen? Utfordringer og muligheter i norskfaget på ungdomstrinnet*. Oslo: Universitetsforlaget.

Martin-Chang, Sandra, Stephanie Kozak og Maya Rossi. (2020.) *Time to read Young Adult fiction: print exposure and linguistic correlates in adolescents*. I *Reading & writing* 33 (2), s. 741–760.

Oatley, Keith. (2016.) *Fiction: Simulation of Social Worlds*. I *Trends in Cognitive Sciences* 20 (8), s. 618–628.

Her finn du boktips

- **Nynorskbok.no**

Her finn du boktips og omtalar av nynorske ungdomsbøker

- **100-lista** er ei oversikt over dei beste bøkene frå Boksøk dei siste tre åra.





- **Ein god hyllemeter**

Nynorsksenteret sin katalog med omtalar av 40 gode, nynorske barne- og ungdomsbøker.

- **Tid for ti**

Leselystaksjon frå Foreningen !les med tips til gode, nynorske ungdomsromanar og undervisningsopplegg.

Fleire fylkesbibliotek har også klassesett med romanar som du kan tinge.



Nokre nynorske romanar for ungdomstrinnet

Terje Torkildsen: *Arrfjes* • Mette Eike Neerlin: *Hest, hest, tiger, tiger*

Ann Helen Kolås Ingebrigtsen: *Sinne* • Tone E. Solheim: *Svartrasta syng om natta*

Peter F. Strassegger: *Aleksander den store* • Eili Harboe: *Tre meter med kniv*

Songaren Hildegunn Hovde brenn for bruk av musikk i barnehagen. No er ho nyttilsett ved Nynorsksenteret.

Språklæring gjennom song

TEKST: *Anne Marta Vinsrygg Vadstein*



HILDEGUNN HOVDE kjem frå Vågå i Gudbrandsdalen og er utdanna songar og pedagog med ein mastergrad i utøvande, klassisk song frå Noregs musikkhøgskole. No skal ho kombinere ei deltidstilling ved Nynorsksenteret med undervising i musikk for barnehagelærarstudentar ved Høgskulen i Volda. I tillegg har ho eit vikariat i forskingsadministrasjonen ved høgskulen.

– *Du har ein solid bakgrunn i både musikk og pedagogikk. Kva var det som avgjorde dette utdanningsvalet?*

– I oppveksten opplevde eg både klassisk musikk og folkemusikk i heimen. Dette inspirerte meg til å ta utdanning som songar og pedagog. Sidan 2006 har eg arbeidd som frilansar, både som utøvar og pedagog, og dei siste ti åra har eg også arbeidd mykje med arrangering, komposisjon og produksjon. Hovudtyngda i det pedagogiske arbeidet mitt har vore babysong og barnesong, og eg tykkjer det er ei heilt fantastisk aldersgruppe å arbeide med.

– *Kva er viktig å hugse på, tenkjer du, om ein skal ha ei samlings- eller songstund for barn i barnehagealder?*

– Det aller viktigaste er at ein kjenner publikummet sitt! Kva aldersgruppe barna er i, er avgjerande for kva type repertoar ein vel, både når det gjeld musikalsk, motorisk, kognitiv og ikkje minst språkleg utvikling. Vel ein for kompliserte og lange songar for dei aller yngste, vert dei berre sitjande og lytte og observere, og ein vil jo helst engasjere og få dei til å vere med i aktiviteten. Det er også viktig å lage ei god oppbygging av samlingsstunda, slik at ein både gjev rom for den fysiske responsen barn gjev på musikk, og at ein har gode songar som kan hente inn og roe ned att når ein har gira opp stemninga. Og så må ein hugse at barn brukar tid på å kome seg inn

– Det er gjennom øyra barna lærer språket først, og der spelar song, rim, regler og høgtlesing ei stor rolle.

i repertoaret, og at dei elsker repetisjon. Nokre songar framkallar «ein gong til!» meir enn andre, men syng kvar song minst tre gongar før du går vidare! Då er du sikker på at alle er med, fortel Hildegunn engasjert.

– *Kva tenkjer du om barnehagen si rolle som kultur- og språkarena?*

– Barnehagen spelar ei utruleg viktig rolle. I kvardagen har dei fleste barn fleire vakne timar saman med dei tilsette i barnehagen enn med foreldra, og dei vert språkleg påverka av både personalet og andre barn. Barn syng setningar lenge før dei kan snakke, og dette heng saman med korleis hjernen vår er skrudd saman.

Språk og musikk har overlappende nettverk i hjernen, og forskning viser mellom anna at barn med minoritetsbakgrunn lærer norsk raskare gjennom song. Dermed vert det også viktig at barn som seinare skal ha nynorsk som hovudmål i skulen, får møte og oppleve nynorsk i barnehagen, gjennom song, regler og høgtlesing. Og så tykkjer eg det er viktig at dei tilsette i barnehagen er nyfikne på kulturuttrykk, og at dei er gode kulturformidlarar. Mange barn møter ikkje klassisk musikk, folkemusikk eller verdsmusikk i heimen. Då er det desto viktigare at dei får møte det i barnehagen.

– *Kva rolle spelar songar, musikk, rim og regler i samlingsstunda?*

– Eg meiner at ei god samlingsstund har litt av alt. Ofte brukar eg rim eller regler som små overgangar mellom songar, og flettar også inn

bruk av ulike musikkinstrument, alt etter kva aldersgruppe eg har med å gjere. Dei yngste i barnehagen kan også få mykje ut av samlingsstunda, gjerne då i eit trygt fang. Med eit godt tilpassa repertoar til aldersgruppa, med rom for repetisjon og undring, vert dei gradvis meir og meir aktive, så det er viktig å ikkje byte alt repertoaret frå gong til gong. Det kjende er trygt og godt, spenninga kan ein spare til dei eldre i barnehagen!

– *Har du tips til korleis ein kan utvide repertoaret sitt av nynorske songar?*

– Ver bevisst og nyfiken! Sjå på songane ein bruker i barnehagen: Kor mange av desse finst også på nynorsk? Om ein bur i eit nynorskområde, er det ei super førebuing for barna å møte nynorsk allereie i barnehagen. Det er gjennom øyra dei lærer språket først, og der spelar song, rim, regler og høgtlesing ei stor rolle. Eit kjapt Google-søk på «barnesongar nynorsk» viser veg til fleire kjelder, ein kan finne songbøker på nynorsk, og sjølvsagt følgje med på sidene til Nynorsksenteret. ■

Hildegunn sine favorittar

BØKER

- *Med tigreren og bjørnen til Panama*
- *Vrimleby-bøkene*
- *Bø og bæ-bøkene*

SONGAR

- Kråkevisa (Mannen han gjekk seg i vedaskog)
- Du skal ikkje tru det blir sommar
- Okken bom (Han spelar på ei ause)

Programvara Apertium kan omsetje tekstar med eit tastetrykk. Kvifor treng vi då opplæring i nynorsk sidemål?

– Kan ikkje erstatte språkkjensle

TEKST: **Ingvild Myklebust Hovden** FOTO: **Knut Jul Meland**



– **APERTIUM KAN IKKJE** erstatte den menneskelege språkevna. Difor er det framleis viktig med god nynorskopplæring, seier professor Norunn Askeland ved Universitetet i Sørøst-Noreg.

Programvara kan mellom anna omsetje tekstar frå bokmål til nynorsk.

– Teknisk sett kan Apertium fungere godt på veldig enkle tekstar, men på meir komplekse tekstar er det ein del programmet ikkje klarer. Den språkkjensla som vi menneske opparbeider oss gjennom å vere aktive språkbrukarar, vil ikkje eit dataprogram kunne erstatte, meiner ho.

Språkkompetanse

For å avdekke kva eit omsetjingsprogram ikkje klarer, kan ein bruke både språkkjensla og kompetansen som ein har opparbeidd seg i språk.

– Viss vi lærer elevane å bruke Apertium, vil dei forstå kva det programmet kan og ikkje kan. I staden for at vi som lærarar skal stå og seie det, så kan elevane oppdage det sjølve, seier Askeland.

Elevane eller studentane kan sjå at her er det noko i teksten som ikkje stemmer. Då kan ein stille spørsmål som:

- Kva er det for noko som ikkje stemmer?
- Kvifor skjer det?
- Kva må ein gjere for å få det til å stemme, slik at det blir godt språk?

Apertium i lærarutdanninga

Ved Universitetet i Sørøst-Noreg har dei gjennomført eit prosjekt der dei har teke i bruk Apertium i lærarutdanninga.

– Lærarstudentane var svært interesserte i å lære meir om omsetjingsteknologi. Eg spurde dei om dei hadde lyst til å bli så gode i nynorsk at dei kunne avsløre eit dataprogram? Det hadde dei veldig lyst til, fortel Askeland.

Etter å ha evaluert prosjektet ved lærarutdanninga ser Askeland ein del ting som dei vil gjere annleis i framtida.

– Eg ville ha gjeve endå kortare tekstar i omsetjingsoppgåver til studentane. I tillegg ville eg ha lagt vekt på meir samarbeidslæring. Dei studentane som skriv dei beste tekstane, er gjerne dei som har samarbeidd med andre studentar, meiner ho.

Ein kan til dømes bruke korte tekstar som studentane liker frå før. Det kan også vere lyrikk eller songtekstar. Når Apertium omset tekstane, så vil kanskje studentane reagere på omsetjingane og prøve å forbetre språket.

Apertium i skulen

Lærarane i skulen er opptekne av Apertium av fleire grunnar. For det første er det mange lærarar som lurar på korleis dei skal gje elevane ei rettferdig vurdering, når dei ikkje veit om elevane har brukt Apertium eller ikkje. Det kan vere vanskeleg å avdekke om elevane har brukt omsetjingsprogrammet.

– Dersom du som lærar i vidaregåande ser at elevane har brukt Apertium for å sleppe billeg unna, kan du la vere å gje karakter. Du kan snakke med elevane det gjeld, og be dei om å omsetje ein annan tekst frå bokmål til nynorsk medan dei er i klasserommet, utan andre hjelpemiddel enn ordbok, seier Askeland.

For det andre er det ein del lærarar som lurar på om dei skal introdusere Apertium for elevane eller ikkje i klasserommet, når det ikkje er lov å bruke Apertium på eksamen.

Du kan sjå innleiingar frå fagdagen om omsetjingsteknologi på nynorsksenteret.no/digital

– Mitt inntrykk er at dei aller fleste elevane alle- reie kjenner til det frå før, seier Askeland.

Ein del lærarar skulle kanskje ønske at dei kunne sperre all bruk av Apertium i klasseromma.

– Det er menneskeleg å tenkje slik fordi dei fleste lærarar har undervisningsopplegg som har fungert godt gjennom fleire år, seier ho.

No må ein kanskje lage ein del nye oppgåvetypar, og det krev ein god del arbeid. Men her kan lærarane samarbeide og byte på å lage oppgåver kvar si veke, gjerne korte oppgåver som ikkje krev mykje arbeid frå verken lærarar eller elevar.

– Eg forstår at lærarane er opptekne av å gje ei rettferdig vurdering. Då må dei finne ut kva dei baserer standpunktarakterane til elevane på, og kanskje finne andre måtar å vurdere elevane på som er rettferdige, meiner Askeland.

Tips til god nynorskopplæring

Askeland deler nokre tips frå lærarutdanninga som også kan brukast for dei som underviser i nynorsk som sidemål.

– Gje dei korte tekstar av gode forfattarar. Ta opp problemstillingar som dei kan identifisere seg med, og som er brennaktuelle for ungdom. Les, skriv, snakk om tekstane og om språket.

– Det er viktig at nynorskopplæringa ikkje berre blir grammatikk. Det er fint å gje kreative og gjerne personlege skriveoppgåver. Då opplever vi ofte at lærarstudentane skriv i veg. I lærarutdanninga prøver vi å ta grammatikken undervegs og setje han inn i ein samanheng, gjerne knytt til skriveoppgåver studentane har, forklarar Askeland. ■

Hausten 2020 blei det lansert ei ny ordning for å auke mengda av nynorske produksjonar i Den kulturelle skulesekken (DKS). Noreg har to likestilte språkformer, og det er ønskeleg at dette viser att i DKS-programmet.

Meir nynorsk i Den kulturelle skulesekken

TEKST: **Trine Ruud Grønningen** (KULTURTANKEN) og **Guro Kristin Gjøsdaal** FOTO: **Firdaposten**




SATSINGA «MEIR NYNORSK i Den kulturelle skulesekken» er eit samarbeid mellom Kulturtanken, Vestland fylkeskommune, Vestfold og Telemark fylkeskommune, Møre og Romsdal fylkeskommune og Nynorsksenteret (Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa).

For skuleåret 2021 blei 207 nynorske produksjonar sende inn som forslag til DKS, av 2430 produksjonar totalt. Dette viser eit stort behov for produksjonar på nynorsk. Målet med ordninga er å auke mengda av prosjekt der nynorsk vert opplevd som relevant, representativt og for alle.

Ein nynorsk produksjon i DKS er ein produksjon der alt skriftleg er på nynorsk, til dømes manus og skriftleg materiell. Nynorsk kan vere representert i alle kunst- og kulturuttrykk, i digital formidling og analog formidling, til dømes nynorsk manus for produksjonen, nynorske bøker, songar eller nyskrivne tekstgrunnlag.

Forfattar og dramatikar Camara Lundestad Joof (Nationaltheatret, Kulturrådet, Det mangfaldige teater, DKS, Samlaget med meir) er med på å løfte fram prosjektet. Ho opponerte som ung mot nynorsk som sidemål. Ei openbering av språket viste henne at dette er eit språk fullt av kraft, kamp og opprør. Dette var nettopp det ho trong i arbeidet sitt! No brenn ho for meir nynorsk til barn og unge. Ho målber ein moderne og oppdatert nynorsk som ho meiner er eit skriftspråk fylt med identitet og maktkritikk.

Joof understrekar også haldningsansvaret som opplæringsfeltet har. Ho erfarer at nynorsk er eit politisk og revolusjonært språk, konstruert i Noreg. Dessutan meiner ho at kultur- og



oppvekstfeltet ikkje er bevisst nok på å formidle dette språkperspektivet.

Nynorsk er ikkje berre eit fint skriftspråk og kultur. Det er kamp og identitet. Det er eit språk som er ditt. Som nokon har kjempa for at du skal ha. (Camara Lundestad Joof)

Den kulturelle skulesekken er ei ordning som gir deg rett til å bli eksponert for kunst og kultur uavhengig av kvar du bur, kva slags klassebakgrunn du har, og kven foreldra dine er. Joof hevdar at det er eit av dei mest demokratiserande prosjekta i Noreg. På denne måten gjer DKS at

barn og unge vert eksponerte for språk og kultur dei kanskje ikkje ville ha valt sjølve. Og ved å løfte nynorsken i DKS gir ein barn og unge moglegheit til å kjenne seg heime i det nynorske skriftspråket.

Nynorsken er ei folkeleg rørsle og eit folkeleg fenomen – i korleis han høyrst ut, korleis han er konstruert, og det at sjølv om ein kjem frå ulike delar av Noreg, kan ein finne aspekt av seg sjølv i språket. (Camara Lundestad Joof)

I den første puljen kom det inn sytti søknader. Eit fagpanel vurderte det språklege potensialet i søknadane, før juryen valde ut dei sju som skulle få sjølv gullbilletten med økonomisk, fagleg og språkleg støtte. Etter lang tautrekking i fagpanelet og juryen var det desse som trekte det lengste strået: Sandra Kolstad (*Elv på himmelen* – elektronisk tonesetting av Jon Fosse-dikt); Good Time Charlie (*Jubelblues*); Belinda Braza og Charlotte Korrell (*Hybrid/Sample-mennesket* – kva har nynorsk og hip hop til felles? Alt!); Martine Grande (*Ørn* – animasjonsteater, kreativitet og verkstad); Geir Egil Eiksund (*Kampen*); Dordi Strøm (*I dag er du kostymedesignar!* – scenografi og kostymedesign); Nynorsk kultursentrum, Anders Totland og Richard Olsen (*Skit eller kanel?* – informasjonssamfunnet).

Dei som står bak satsinga, er samde om at elevar fortener at DKS legg fram prosjekt der nynorsk blir opplevd som relevant for alle, både dei med nynorsk som sidemål og dei med nynorsk som hovudmål. Prosjektgruppa, fagpanelet og juryen oppmodar dei som ikkje fekk støtte denne gongen, til å sende inn sine forslag til neste skuleår når DKS-portalen opnar 15. august. Du kan lese meir om prosjektet på nettsidene til Kulturtanken. ■

Elevar fortener at DKS legg fram prosjekt der nynorsk blir opplevd som relevant for alle, både dei med nynorsk som sidemål og dei med nynorsk som hovudmål.

Tonje Glimmerdal av Maria Parr har vorte kåra til den beste norske barneboka frå 2000-talet.

Tonje Glimmerdal til topps

TEKST: **Ingvild Myklebust Hovden** FOTO: **Suklimkin** (CC BY-SA 4.0)



AVISA KLASSEKAMPEN har bede 16 kritikarar om å nominere dei tre barnebok-favorittane sine frå dei siste 20 åra. Over halvparten av dei trekte fram *Tonje Glimmerdal* av Maria Parr som den beste barneboka.

Boka handlar om Tonje, som er det einaste barnet i Glimmerdalen. Bestevennen hennar er 74 år gamle Gunnvald, og dei to vennene kjenner kvarandre ut og inn. Eller gjer dei eigentleg det? Lesaren vert ønskt velkomen til Glimmerdalen og vert teken med i ei forteljing som er fylt med fart, spenning, humor og alvor.

– *Kvifor trur du mange har blitt så glade i Tonje Glimmerdal, Maria Parr?*

– Akkurat dette spørsmålet synest eg det er vanskeleg å svare på sjølv. Kanskje det at det har blitt ei høgtlesingsbok, kan vere ei av forklaringane. Det er litt av det eg håper på når eg skriv. Eg ser føre meg ein høgtlesingssituasjon, og at det blir noko som både barn og vaksne kan ha ekte glede av, men på ungane sine premisser, seier Maria Parr. Ho trur mange høyrer *Tonje Glimmerdal* som lydbok, spesielt på biltur i feriane.

Forfattaren føler at interessa for boka har vore der heilt sidan *Tonje Glimmerdal* kom ut i 2009.

– Eg har vore heldig med at boka har vorte halden aktuell gjennom ulike adaptasjonar. Det har til dømes vore laga fleire teaterframvisningar av *Tonje Glimmerdal*, seier Parr.

– *Kva ønskjer du å kommunisere til barna som les eller høyrer Tonje Glimmerdal?*

– Alvoret som ligg heilt i botnen, er at alt det galne vaksne gjer, ikkje er barna sin feil. Det veit vi vaksne kanskje, men ungar har så lett for å tenkje at det er deira skuld når ting er vanskeleg i heimen. Det var på ein måte hovudmotivasjonen

bak denne boka, i tillegg til mykje anna, seier Parr.

Når Maria Parr skriv, har ho alltid eit ønske om å klare å attskape nokre av dei beste leseopplevingane ho hadde sjølv.

– Når eg las, så var det nesten litt låkt fordi eg hadde så lyst til å vere inne i boka. Eg trur eg prøver og har lyst til å lage slike leseopplevingar. Eg ønskjer å gje ungane eit univers å gå inn i, fortel Parr.

Forfattaren er spesielt inspirert av Astrid Lindgren.

– Astrid Lindgren var veldig flink til mange ting, men måten ho startar bøkene på, er heilt spesiell. Eg arbeider mykje med korleis eg skal innleie bøkene mine, fordi dei første sidene er veldig viktige, fortel Parr.

Handlinga går føre seg i Glimmerdalen. Ein del av lesarane kan nok kjenne seg igjen i natur- og miljøskildringane, men for andre lesarar kan dette opplevast som meir eksotisk. Boka er omsett til 27 språk.

– Når eg tenkjer på det eg sjølv las då eg var lita, så var det veldig kjekt å lese om noko som var heilt annleis. Det blir ulike leseopplevingar for ulike lesarar, seier Parr.

Då Maria Parr var i startfasen med boka, heitte hovudpersonen Tore Glimmerdal.

– Tonje var først ein gut, men medan eg heldt på med master i barnelitteratur, kom eg over ein artikkel av Nina Méd om arven etter Pippi og Nancy Drew, fortel Parr.

Nina Méd hadde undersøkt hundre norske barnebøker og sett etter heltinner som var aktive i handlinga. Bøkene var for målgruppa 10–14 år og vart gjevne ut i åra mellom 2001 og 2005.

– I berre fem av desse hundre bøkene fann ho jenter som heltinner. Det var heilt sjokkerande! Desse mønstera er noko som ein ikkje ser før

nokon tel. Der sat eg og skreiv om Tore Glimmerdal. Då bestemte eg meg for at den statistikken skulle eg ikkje vere ein del av. Dermed vart Tore til Tonje, fortel Parr.

Når ein skal samanlikne Tonje Glimmerdal med nokon, går ein gjerne heilt tilbake til 1940-talet og samanliknar ho med Pippi.

– Det er ein tankevekkjar. Desse tinga treng vi å bli gjorde merksame på, sjølv om landskapet ser veldig annleis ut i dag. No har vi fleire heltinner i norsk barnelitteratur, men det er kanskje noko anna som manglar? Det er alltid viktig å vere obs på det, meiner Parr.

– *Har du nokon tips til lærarar som ønskjer å ta i bruk litteratur i klasserommet?*

– Eg har trua på å lage kos med utgangspunkt i bøker. Ein kan til dømes lage god mat som ein kan ha når ein er ferdig med leseprosjektet eller boka.

– *Kvifor meiner du høgtlesing er så viktig?*

– For det første er det utruleg godt å bli lesen for, å berre vere elev og få sitje og ta imot noko. For det andre deler ein noko i lag i ei klasse. Det gjer ein dersom ein ser ein film i lag også, men med bøker må ein skape bileta sjølve. For det tredje er det ein måte å utjamne forskjellar på. Det gjeld både for dei som ikkje blir lesne for heime, men også for dei som synest det er vanskeleg å lese, seier Maria Parr, som meiner høgtlesing er noko ein bør halde fram med også når elevane vert ungdomar. ■


Boktips frå Nynorsk bok.no



Martine Grande
Ørn

Sam er ein forsiktig gut som likar aller best å vere i lag med den gule undulaten sin, Ørn. Når pappa seier han må gå ut og leike med dei andre ungane, snik Sam seg inn igjen. Ikkje berre for å vere i lag med Ørn, men også fordi Gorm og dei andre ikkje er særleg snille. Ein dag ser Sam ut vindauget og får auge på ei jente han ikkje har sett før. Han blir varm i hjartet av henne, og slett ikkje redd, som han brukar å bli når han ser Gorm. Men plutsleg flyg Ørn ut vindauget, og Sam må ut og leite.

Martine Grande er både forfatter og illustratør, og det viser att i denne svært gjennomarbeidde og vakre biletboka.



Laura Djupvik og Øyvind Torseter
Bror min

Ei jente har mista bror sin, og saman med faren sørgjer ho. Ein morgon dei to dreg ut for å fiske, skjer det noko heilt spesielt.

Barn og vaksne kan oppleve sorg på ulike måtar. Gjennom tankane til jenta får vi sjå korleis ho opplever faren når han er i sorg. Ein viktig budskap i boka er at dei som har mista nokon, kan hjelpe kvarandre gjennom sorga. Å snakke om sorg og dei kjenslene ein kjenner på, kan vere vanskeleg for både barn og vaksne. Difor er *Bror min* ei viktig barnebok.



Åshild Moldskred
Berre hopp!

11 år gamle Ingeborg har blitt uvenner med den tidlegare bestevenninna Pernille. No har Pernille slått seg saman med Marte, og gjennom ord, handlingar og kroppsspråk ertar dei Ingeborg som bruker høyreapparat.


Storebroren gjev Ingeborg ei utfordring: For at ho skal slutte å bry seg om kva andre seier om henne, skal ho gjere fire ting som ho aldri har tort før. Desse utfordringane er med på å skape spenning gjennom heile boka.



Dordi Støm
Flog

Flog er ein fasinerande og god roman. Vi får innblikk i fem liv og nokre av dei same hendingane sett frå ulike synsvinklar. Dette er ikkje ei samanhengande fortelling, men mange ulike trådar som likevel viser seg å henge saman. Hendingar og setningar blir gjentatt, det same gjer mange av overskriftene på bolkane. Desse overskriftene er enkeltord som pust, flog, vente og heim. Slik kjem det fram mange lag i romanen, og dette er elegant gjort.

Språktips



TEKST: **Aud Søyland** ILLUSTRASJON: **Kristoffer S. Mathisen**

Korleis skilja mellom a-verb og e-verb

Talemålet kan vera ei god hjelp når du skriv nynorsk, men ikkje alltid. I mange talemål skil ein til dømes mellom a-verb og e-verb både i presens og i preteritum, men mange har berre éi ending i presens: -er. Derfor er det lurt å gå til preteritumsforma for å finna ut om eit verb er sterkt eller svakt, og om det er a-verb eller e-verb.

Berre a-verb endar på -a preteritum. Dersom det verbet du skal bøya, har -a i preteritum, kan du vera sikker på at det er rett å skriva -ar i presens.

Døme:

Preteritum: «Han sykla til skulen.»


Presens: «Han syklar til skulen.»

Tilsvarende kan du vera nokså sikker på at eit verb er eit e-verb, dersom det endar på -de eller -te i preteritum. Eg skriv nokså sikker, fordi verb som endar på -de, òg kan vera j-verb. Men e-verba er ei mykje større gruppe enn j-verba. E-verba har endinga -er i presens:


Preteritum: «Han følte seg ikkje bra.»

Presens: «Han føler seg ikkje bra.»

*Du kan lesa fleire språktips på
nynorsksenteret.no/vidaregaande/grammatikk*



Returadresse: Nynorsksenteret, Høgskulen i Volda, Postboks 500, 6101 Volda



Teikna av Kristoffer S. Mathisen

REGNE VS. REKNE

Slit elevane med å skilje mellom å regne og å rekne? **Nynorsk på 1-2-3** er eit nynorskkurs i teikneserieform som hjelper elevane å styre unna vanlege feil. På nynorsksenteret.no/materiell kan du tinge gratis klassesett.